

## **BRUKARUTVALET I HELSE MØRE OG ROMSDAL HF**

**Protokoll nr. 07/14**

**Møte 19.09.14.**

Tilstades: X

### **Medlemmer:**

- X Karsten Aak, leiar
- X Hanne-Lilian Søvik, nestleiar
- X Kåre Steinsvik
- X Hilde Marie Kleiven
- X Ingrid Løset
- X Ann Helene Skare
- Torbjørn Vorpenes
- X Inger Nossen Sandvik
- Jakob Strand
- X Helge Ristesund

### **Varamedlemmer:**

- X Atle Tangen
- Daniel Ask
- Frank Johnny Svendsen
- Kjell Inge Skarbø
- Norunn Heggebakk Steinnes

### **Administrasjonen:**

Strategi og utviklingssjef Espen Remme  
Kommunikasjonsdirektør Trine Kvalheim

### **Andre:**

Klinikk for rehabilitering v/avdelingssjef Steinar Gjærde  
Student Lena Waage, Høgskulen i Volda

### **Sekretariatet:**

Helse Møre og Romsdal HF v/konsulent Randi Spjelkavik Ramnefjell

### **Fråvær:**

Møtet i Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF vart halde på Ålesund sjukehus, adm. – styrerrommet og starta kl. 10.00.

Karsten Aak leia møtet og ønska alle velkomne, og gjekk igjennom sakslista.

Endring i saksliste:

Fråvær: Jakob Strand, Torbjørn Vorpenes.  
Hilde Marie Kleiven gjekk kl 14:00.

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF behandla følgjande saker:

**BU 2014/48      GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE  
UNDERSKRIFT AV PROTOKOLL NR. 05/14 FRÅ MØTE 06.06.14.,  
OG 06/14 FRÅ MØTE 30.06.14.**

Innstilling:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF godkjenner innkalling og saksliste til møte 19.09.14.

Vedtak:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF godkjenner innkallinga og saksliste til møtet 19.09.14.

Brukarutvalet skreiv under protokoll nr. 05/14 som vart godkjent i møte 05.05.14, samt protokoll nr. 06/14 som vart godkjent i møte 30.06.14.

**BU 2014/49      ORIENTERINGSSAKER**

Innstilling:

- Representasjon frå brukarutvalet til fagdag for avdeling for fysikalsk medisin og rehabilitering 10.09.14.
- Brukarmedverknad i nytt prosjekt – klinikk for kirurgi Molde, seksjon for auge.
- Val av brukarrepresentantar til prosjektgruppe – pasientforløp for pasienter med spondylartritt
- Samhandlingsmodell, viser til mail frå Toril Kvisvik
- Styresak 2014/51– Statusrapport pr. 31.08.2014 - Aktivitet - Økonomi og Kvalitet
- Rett ernæring på rett stad til rett tid – ein kvalitetsindikator i pasienttryggleiksarbeidet i kommunar og sjukehus i Møre og Romsdal
- Val av brukarrepresentant til ROS analyse som skal utførast av ØNH, og Øye fagmiljøa i Ålesund og Molde
- Klinikk for barn og unge skal utvikle sitt tilbod til foreldre til barn med Down syndrom, og ynskjer kontakt med ein brukarrepresentant.

- Orientering om nytt pasienttryggleiksprosjekt i HMR
- Orientering om brukarrepresentant sin deltakelse i ROS-analyse, klinikk for Kirurgi.
- Orientering om aktivitetsplan frå Lærings- og meistringssenteret.
- Status vedrørende arbeidet med utviklingsplan for habiliteringsteneste HMR. Forespørsel om brukarrepresentant til styringsgruppa for «APS virkedagar i SjuStjerna HO»
- Brukerkonferanse 2014
- Brukerrepresentantasjon – Klinikk for rus og avhengigheitsbehandling
- Bekreftelse av brukarrepresentant til styremøter i oktober og november
- Protokoll frå møte i Regional brukarutval

#### Protokoll:

- Representasjon frå brukarutvalet til fagdag for avdeling for fysikalsk medisin og rehabilitering 10.09.14.  
- Tas til orientering
- Brukarmedverknad i nytt prosjekt – klinikk for kirurgi Molde, seksjon for auge.  
- Norges blindeforbund v/Karsten Aak oppnemner ein brukarrepresentant.
- Val av brukarrepresentantar til prosjektgruppe – pasientforløp for pasienter med spondylartritt  
- Mary Ann Herø og Dag Lianes
- Samhandlingsmodell, viser til mail frå Toril Kvisvik  
- Brukarutvalet Helse Møre og Romsdal ser positivt på prosjektet og oppfordrar til at det blir valgt ut brukarrepresentantar frå dei kommunale råda i dei respektive kommunane.
- Styresak 2014/51– Statusrapport pr. 31.08.2014 - Aktivitet - Økonomi og Kvalitet  
- Tas til orientering
- Rett ernæring på rett stad til rett tid – ein kvalitetsindikator i pasienttryggleiksarbeidet i kommunar og sjukehus i Møre og Romsdal  
- Brukarutvalet Helse Møre og Romsdal gir tilbakemelding om at det er mykje møteaktivitetar i dette tidspunktet, slik at det difor ikkje er nokon som har moglegheit for å delta på dette.
- Val av brukarrepresentant til ROS analyse som skal utførast av ØNH, og auge fagmiljøa i Ålesund og Molde  
- Manglar informasjon om dato. Arthur Klauset vert kontakta for å høyre om han kan delta saman med en representant oppnemnt frå Noregs blindeforbund.

- Klinikk for barn og unge skal utvikle sitt tilbud til foreldre til barn med Down syndrom, og ynskjer kontakt med ein brukarrepresentant.  
- Ber NFU om å fremme forslag til brukarrepresentantar.
- Orientering om nytt pasienttryggleiksprosjekt i HMR  
- Brukarutvalet Helse Møre og Romsdal ber om en orientering i neste møte
- Orientering om brukarrepresentant sin deltakelse i ROS-analyse, klinikk for Kirurgi.  
- Ask og Otterlei stilte som brukarrepresentantar.
- Orientering om aktivitetsplan frå Lærings- og meistringssenteret.  
- Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal er svært nøgd i innholdet i aktivitetsplanen til LMS
- Status vedrørende arbeidet med utviklingsplan for habiliteringsteneste HMR. Forespørsel om brukarrepresentant til styringsgruppa for «APS virkedagar i SjuStjerna HO»  
- Ingrid Løset er oppnemnt som brukarrepresentant, og Jakob Strand som vara.
- Regional brukerkonferanse 2014  
- Ingrid Løset, Hanne-Lilian Søvik, Karsten Aak, Ann Helene Skare Inger Nossen Sandvik melder seg på. Jakob Strand, Torbjørn Vorpenes og Hilde Marie Kleiven må gi ei tilbakemelding til sekretær dersom dei ynskjer å bli påmeldt.
- Brukerrepresentantasjon – Klinikk for rus og avhengigheitsbehandling  
- Torbjørn Vorpenes kontaktast for å informere om at Brukarutvalet ynskjer at han skal stille som brukarrepresentant.
- Bekreftelse av brukarrepresentant til styremøter i oktober og november  
- Inger Nossen Sandvik november, Kåre Steinsvik oktober
- Protokoll frå møte i Regional brukarutval  
- Tek saka til orientering

#### Vedtak:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF, tek orienteringssakane til vitande.

### **BU 2014/50      ORIENTERING OM SAKER TIL STYREMØTE 22.09.14.**

#### Innstilling:

Ass. direktør Helge Ristesund orienterte om styresakar som skal behandlas i styret for Helse Møre og Romsdal HF i møte 22.09.14.

#### Vedtak:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF ynskjer igjen å rette ein merknad til administrasjonen på at noen av styresakane kjem altfor seint ut. Dette føre til at det ikkje vert god nok tid, til å forberede styresakane for brukarutvalsmøtet.

Brukarutvalsmøte for Helse Møre og Romsdal HF, tek styresakane som blir lagt fram for behandling i styret for Helse Møre og Romsdal HF i møte 22.09.14., til orientering.

**BU 2014/51 HØYRING – REGIONALE KONSEKVENSTUTGREIING (KU) TEMA OG HØYRINGS-DOKUMENT IDÉFASE SJUKEHUSET I NORDMØRE OG ROMSDAL (SNR)**

Innstilling:

Strategi- og utviklingsjef Espen Remme orienterte om utviklingsplan og arbeidet framover rundt høyringsprosessane til Idéfaserapport – Sjukehuset i Nordmøre og Romsdal (SNR). Det skal utførast ei ROS-analyse for å identifisere fare og risiko, samt utsikter for å kompensere rundt oppføring av det nye sjukehuset. Det vil bli satt opp ei arbeidsgruppe som skal utføre ROS-analyse der bl.a. 2 representantar frå brukarutvalet skal delta. Kommunane skal vedta endeleg tomteval i oktober.

Viser til høyringsbrev, høyringsrapport og samandrag av høyringsrapport: Høyring – Idéfase – Sjukehuset i Nordmøre og Romsdal (SNR), som vart sendt ut til Brukarutvalet sine medlemmar 22.08.14.

Vedtak:

Brukarutvalet legg styrevedtaket i Helse Møre og Romsdal frå desember 2012 som grunnlag for høyringsuttalen til den regionale konsekvensutgreiinga. I vedtaket i helseføretaket i sak 2012/99 står mellom anna:

*« Etter grundig vurdering tilrår styret at ein planlegg **eitt nytt felles akuttsjukehus** for Nordmøre og Romsdal - som i hovudsak skal dekke det langsiktige behovet for spesialisthelseteneste og nærleik til akutt og fødetilbod for innbyggjarane»*

Brukarutvalet har vore tydelege på at innhaldet i sjukehuset og kvaliteten på tenestene er viktigare enn nærleik til sjukehuset. Som representantar for brukarane meiner vi at eit robust sjukehus med rett kompetanse og god faglig kvalitet er viktig for å få eit attraktivt tilbod til pasientane.

Brukarutvalet ynskjer ikkje på noverande tidspunkt å peike på nokre av tomtene. Brukarutvalet er også opptekne av perioden frå vedtaket er fatta i desember 2014 til opning av sjukehuset i 2021. Det må sikrast at ein i mellomfasen fram til nytt sjukehus, både tek omsyn til eksisterande personale og framtidig rekruttering til fagmiljøa. Vedlikehald av bygg og utstyr må og sikrast i mellomfasa for å halde kvaliteten på tenestene oppe.

Utvalet meiner det er viktig at ein kan desentralisere tenester som t.d. kronikarar brukar i stort omfang.

Frå brukarutvalet sin ståstad er det viktig at det no blir oppslutnad og semje om vedtaket slik at det ikkje blir ein omkamp som kan sette heile sjukehuset på spel.

**BU 2014/52    PROSESS REHABILITERINGSDOKUMENT FRÅ HELSE  
MIDT-NORGE RHF V/AVDELINGSSJEF STEINAR GJÆRDE  
– KLINIKK FOR REHABILITERING**

Innstilling:

Presentasjon om prosjekt rehabilitering v/avdelingssjef Steinar Gjørde –  
Klinikk for rehabilitering.

Protokoll:

Brukarutvalet Helse Møre og Romsdal HF viser til Brukarutvalet sin behandling i sak BU 2014/27 pkt 4, der Brukarutvalet oppfordrar til ei brei høyringsbehandling blant brukerorganisasjonar, brukarutval, paraplyorganisasjonar, og styra i dei regionale helseforetak. Avdelingssjef Steinar Gjørde v/klinikk for rehabilitering presenterte rapport med tilhørende forslag til samarbeid mellom kommunchelseteneste, spesialhelseteneste og forslag til konkrete handlingar.

Vedtak:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF minner om helseføretaket si behandling av denne saka i mai 2014, der styret i Helse Møre og Romsdal støtta Brukarutvalet i at saka skulle leggest ut på høyring og deretter realitetsbehandlast i foretaket. BU ber om at slik behandling skjer så raskt som mogleg

**BU 2014/53    EVENTUELT**

- Manglande parkering ved bruk av lokaliteter i forbindelse med LMS – Åsebøen.
- Daniel Ask ynskjer å gjenoppta ei årlig samling for brukerrepresentantar i helseforetaket

Desse sakane utsettast til neste møte

**BU 2014/54    GODKJENNING AV PROTOKOLL NR. 07/14 FRÅ MØTE 22.09.14.**

Innstilling:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF godkjenner protokoll nr. 07/14 frå møte 22.09.14.

Vedtak:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF godkjenner protokoll nr. 07/14 frå møte 22.09.14.

Møtet slutt kl. 15:25

Ingrid Løset

Hilde Marie Kleiven

Kåre Steinsvik

Hanne-Lilian Søvik

Atle Tangen

Ann Helen Skare

Karsten Aak

Inger Nossen Sandvik